

## **KVILINGASTEINEN. (Lussand)**

Høgdemeter over havet: 460 m

Lengde: ca 2,7 km

Tid: 60 – 80 min. ein veg frå parkeringa.

Gradering: middels tung tur.

**Vegskildring:** køyr riksveg 7 mot Lussand ca. 14 km. Stopp ved fyrste avkøyring etter tunnelen på høgre sida. Her må du parkera langs utkøyring / riksveg. Her står ei informasjonstavle til Kistenuten. Følg bratt grusveg opp forbi gardstun og etter 3 min kjem du til skogsvegen som er merka «*privat veg ferdsel på eige ansvar*» herifrå går grusa skogsveg som er vegen til Kvilingasteinen. ». Det er skilta mot Utgjerslo, Hedler, Fossdal, Herdabreistølen og Kistenuten. No skal du følgje den bratte skogsvegen/ grusvegen og du passerer husmannsplassen Utgjerslo på høgre side. Her er fyrste turkasse. Vegen er bratt og svingar seg oppetter. Vegen går vidare med eit par lange brekker til før den flatar ut eit lite stykke med namn Vossadalen. No kjem du til eit langt og godt bratt parti som endar med eit utsiktspunkt mot Hedlersfossen, og i svingen har vi satt ut ein turlagsbenk, då er du ca. halvvegs. Du skal forsette på dei lange brekkene eit stykke til, før du kjem til Hedlersbrua der du tek av mot stølen Hedler og her heng den andre turkassa. Etter brua får du ein stigning til, før det flatar ut eit lite parti før du kjem til neste bru, med ein flott foss det er verdt å ta bilete av. Plassen heiter Forevad. No vert terrenget lettare over ein stor flate med myr. Her byrjar den nye delen av skogsvegen, og vegen flatar noko ut oppover og utsikta byrjar og gjera seg gjeldande. Her vil du sjå merking på høgre sida opp gjennom lyngen der deler av den gamle stien går i mindre bratt terreng, men som endar med Kvilingasteinen. Grusvegen går heilt fram til Kvilingasteinen, så her kan du velja veg dei siste minutta av turen før turkassa dukkar opp på eit tre ved steinen.

**Turtips 1.** Du kan forsetta vidare opp vegen inn til Fossdal og over til Kvanndalsstølen

**Turtips 2,** Gå til Fossdal/Lussandstølen og vidare til Herdabreistølen og Kistenuten.

Dette er ein fin vartur, med god utsikt!

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: [www.granvin-turlag.no](http://www.granvin-turlag.no)

**GOD TUR!**